

Sats på energisparing, arbeidsplassar og vern av naturen

Vi har forslag til vedtak som vi ber fylkestinget gå inn for (tilsvarande alternativ A i innstillinga):

- A) Det bør forløpig ikkje bli gjeve konsesjon til ytterlegare vindkraft på land i Sør Trøndelag.
- B) Det bør bli satsa på energisparing og energieffektivisering i tråd med forslaga til Energirådet: «Energieffektivisering», (21.11.2008), som kan frigjera 20% elektrisk energi innen 2020, tilsvarende 4,6 TWh for Midt Noreg.
Dette er tiltak som raskt kan gje stor sysselsettingseffekt, og bidra til å dempe virkninga av finanskrisa. Fylkestinget i Sør Trøndelag vil difor be regjeringa og Enova om umiddelbart å auke stønaden vesentleg til slik energieffektivisering. Det bør også bli lagt strenge energikrav inn som vilkår i dei ekstraordinære overføringane til kommunane i samband med finanskrisa.
- C) Fylkestinget i Sør Trøndelag ser med interesse på søknadane om utbygging av faststående vindkraft på 9 TWh i sørlege del av Nordsjøen på grunnlag av eksisterande teknologi. Dette kan gi store utviklingsmuligheter for trøndersk offshore næringsliv, og havområdet har potensiale i seg til å kunne gje store bidrag av fornybar energi til Europa.
- D) Fylkestinget i Sør Trøndelag held fast på sin stønad til ei vidare satsing på å utvikle flytande vindkraft til havs og ser det som viktig med større forskingsmiddel til dette området.

Tap av inntil 300 km² inngrepsfri kystnatur og tap av biologisk mangfald

Forslaget til fylkesdelplan vindkraft peiker på nokre område som aktuelle for vidare vurdering for utbygging. Medrekna den kraftlina som ei utbygging vil utløyse, kan fylkesdelplan vindkraft medføre eit tap av 300 km² inngrepsfri kystnatur. Dette er natur som det er ei sterk nasjonal målsetting om å verna, og Soria Moria erklæringa går så langt som å love stans i tap av biologisk mangfald innen 2010, der vern av inngrepsfri natur er heilt sentralt. Dette vart bekrefta i Regjeringens miljømelding, St.m. nr. 26 (2006-2007). Virkninga på det rike fuglelivet, ikkje minst trekkfuglane langs kysten er også sentralt. Her er erfaringane frå Smøla urovekkande, og vi er glade for initiativet på å forske på meir miljøvirkning av energiproduksjon.

Alvorleg for samiske interesser

Planlagde inngrep på Fosen, innafor område som fylkesdelplanen ser som aktuelle for vidare vurdering, er omfattande, og vil vera enno ei avgreinsing for reindrifta, som blir pressa frå svært mange ulike inngrep. Saman med andre inngrep, kan virkninga av fylkesdelplan vindkraft føre til at reindrifta på Fosen vil bli avvikla, og slik sett eit alvorleg inngrep i rettane til vår samiske minoritet.

Brot på forskrift om konsekvensutgreiingar

Det er ikkje utført konsekvensutgreiingar for den totale virkninga av planen (medrekna kraftliner) på fugl, hjortedyr og naturen totalt sett og på friluftsliv /almanaretten, og heller ikkje sett i samanheng med tilsvarende inngrep i Nord Trøndelag og Nordmøre. Naturvernforbundet i Sør Trøndelag vil klage Sør Trøndelag fylkeskommune inn for Miljøverndepartementet for brot på forskrift om konsekvensutgreiingar dersom planen blir vedteke i følgje innstillinga til fylkesrådmannen. Vi ser det slik at vi her har ei svært sterk sak.

Satsing på energisparing gir energi og arbeidsplassar med ein gong!

Det statleg oppnemnde «Energirådet» leverte 21.11.2008 ein rapport med vurdering av potensiale forslag til tiltak for energisparing og energieffektivisering for stasjonær energi, medrekna industrien. Konklusjonen er 20% redusert energibruk innen 2020. Midt Noreg bruker i ca 23 TWh elektrisitet, slik at ein i Midt Noreg kan få frigjort 4,6 TWh elektrisitet i følgje «Energirådet». Dette er i tråd med rapporten til Naturvernforbunda i Midt Noreg om energisituasjonen i Midt Noreg, som sakspapira for Fylkesdelplan vindkraft ser på som urealistisk.

Arbeidet kan starte allereie i dag, og gje mange arbeidsplassar!


Ein vesentleg del av energisparinga kjem frå redusert energibruk i bygningar, og rehabilitering av bygningar er svært arbeidsintensivt. Kommunane og fylkeskommunen har mange planar som kan bli starta umiddelbart, og no gjeld det at ein legg strenge energikrav på alle offentlege bygg. «Passivhusstandard» kostar litt meir, men regjeringa må leggja klåre føringar på dette området, som ein del av krisepakka til kommune-Noreg.

Meir energi og arbeidsplassar for pengane

Investering i vindkraft er *vesentleg* dyrare enn investering i energisparing, og krev forholdsmessig meir offentlig stønad.

Enova har avtale med tre store norske industrikonsern, Norske skog på Skogn, Peterson og Eramet om ei stønad på 125 mill som utløyser ei investering på 800 mill og årleg energisparing på 0,6 TWh. Investering på 1,3 kr/kWh. Heimsfjellet vindkraftanlegg har tilsvarende levetid, vil koste 1,2 Mrd og gje 0,28 TWh energi. Medrekna kraftline er kostnaden ca 4,6 kr/kWh.

I figuren har vi brukt 1 Mrd i investering, og av dette anslag på 150 mill i offentlig stønad til energisparing og 300 mill til vindkraft. Det blir det stor skilnad i kva vi får av energi for pengane



Investering i energisparing gir som regel også langt fleire arbeidsplassar pr TWh, då arbeidet vanlegvis er meir arbeidsintensivt. Investeringa på Peterson Ranheim vart vedteke for 2 år sida, og arbeidet er allereie ferdig, mens vindkraft har lang tidshorison.

Vindkraft til havs

Lyse kraft og Fred Olsen Energy har meldt kvart sitt anlegg på 4,5 TWh med vindturbinar ståande på havbotn i sørlege Nordsjøen. Avstanden er kort til dei som skal ha krafta – Kontinentet.

Aker Verdal leverer i dag understell til turbinar på tysk sokkel. Teknologien er ferdig, og miljøkonsekvensane er sannsynlegvis langt mindre enn for anlegg på land. Noreg kan raskt levere store mengder fornybar energi til Europa utan å øydeleggja kysten.



Ta vare på vår vakre og verdfulle natur for ettertida

Kysten av Trøndelag har variert og vakker natur med stor artsmangfald.

Kystnaturen representerer ein stor verdi i seg sjølv, men den har også verdi for menneske, både for dei som bur der, for dei som kjem på besøk, og ikkje minst for komande generasjonar.

Dei urørde kystfjella er ein verdi som vi forvaltar, ikkje berre for Trøndelag, og ikkje berre for Noreg. Det er ein verdi vi forvaltar og har eit internasjonalt ansvar for.

Vi har alternativ som gir rimelegare energi raskare → energisparing.

Vi har alternativ som kan levere nesten uutømmeleg fornybar energi → solenergi og vindkraft til havs.

Vi tener både naturen og klimaet betre ved å satse på energisparing i dag og samtidig starte arbeidet med vindkraft til havs og/eller solenergi. Vern kystnaturen vår for ettertida.

Vern Naturarven
(Snillfjord)

Naturvernforbundet i
Sør Trøndelag

Naturvernforbundet i
Nord Trøndelag

Vern Fosenhalvøya